

## Innspel til romprogram for Osterhallen

Det er vedteke at Ostereidet er lokalsenter, både i Lindås kommune og i Alver kommune når den er på plass. For å byggje oppunder dette treng me ein møtestad der innbyggjarane i bygdene kring Ostereidet kan treffast.

Ein hall der ein kan utøve både idrett og kultur vil bli ein naturleg arena for møte mellom menneske. Det blir lettare å avtale nye treff, dugnadar og vidare aktivitet. Dette er noko me treng for å ta vare på den dugnadsviljen som bur i bygdene, skape grobunn for aktivitet og betre tilhøva for både idrett og kultur i heile kommunen.

Hallen treng difor eit godt inngangsparti med vestibyle og kiosk der gamal og ung kan treffast, anten ein er foreldre/føresette for barn på trening eller øving, eller er brukar av hallen gjennom idrett eller annan aktivitet.

For å legge til rette for auka aktivitet, treng me rom og utstyr for kultur i tillegg til idretten. Med kultur tenkjer ein både musikk og ungdomsklubb, basarar og andre aktivitetar som ikkje høyrer direkte inn under idretten. Me ser for oss øvingsrom for kulturskule, skulemusikk og kor, men også ein "sal" tilsvarande kultursalen i Meland aktiv, med ei scene i eine enden. Eit slikt rom kan nyttast til mange ulike aktivitetar, som øvingar, framsyningar og konsertar, basar og mykje anna.

Hallen blir Ostereidet-krinsen sitt samfunnshus, og det der det større framsyningar vil gå føre seg i framtida. I sjølve hallen må det leggjast til rette for "teleskoptribune" for framsyningar og konsertar på kortsida, tilsvarande den som er i Bryggjeslottet i Modalen. Bygdelaget har vore i kontakt med ulike leverandørar for å få informasjon om tilsvarande anlegg og det kjem fram at hallen må då forlengast med 2 meter, for å vere klar til dette utan å ta av sikkerhetssona rundt bana. Dette vil fjerne behovet for ei scene i sjølve hallen, då ein vil få fri sikt til framsyninga frå tribuna.

Ein bør også sjå på om ein av skiljeveggane i hallen skal vere «lydtett». Ein slik vegg vil gjere det mogeleg å nytte hallen til både idrett og kultur på same tid. Ein kan til dømes førebu konsertar medan det framleis pågår idrett i hallen og liknande.

Eit kontor, eller arbeidsrom med ein eller fleire arbeidsplassar er også naturleg å ha i ein hall der fleire lag har aktivitetar. I framtida kan ein også nytte eit slikt rom til ein fulltids arbeidsplass om idrettslag og/eller kommune har behov for det.

Venleg helsing

Ola R. Jordal

Leiar - Ostereidet Bygdelag